



Unge veljarar

Oskar Hidalgo Gulliksen



Kjære politikar

Eg er førstemann som skal skrive i denne spalta. Ein kan trygt seie at det ikkje var lett å finne på noko fornuftig å skrive. Eg sit no i sofaen og ser på nyheitene på NRK1. Snart kjem det debatt på, og det skal handle om klager på høge skattar, blant anna. Dette er ei landsdekkande sending. Politikken som kjem til å bli debattert omhandlar som regel problemstillingar som gjeld for einkvar person som lever i dette landet.

Politikken som utspelar seg på fylkes- og kommunenivå er jammen meg veldig annleis enn det vi ser av politikk på Dagsrevyen. Eg føler at den er usynlig. Usynlig politikk. Nå skal eg ikkje seie at det gjeld for alle, men det er nok ikkje langt unna sanninga for oss ungdom. Mange ungdommar i dag føler sikkert at alt av politikk er usynlig for dei. Uavhengig om den er på Stortinget eller i Kommunehuset.

Eg trur at hovudgrunnen til dette er at vi ikkje blir tvunge til å setje oss inn i det. Med tvunge meiner eg ikkje med rå makt, men at vi er nøydte til å setje oss inn i det fordi det blir kravd av oss. Vi får ikkje krav. I staden er det slik at vi treng ikkje å vite noko særleg om politikk, så vi drit i det. Vi føler ikkje at vi blir særleg inspirert, og heller ikkje oppfordra til å finne ut meir. Det kunne jo ha vore ein idé for politikarane å faktisk snakke med ungdommar. Møte oss på våre arenaer. Vekkje ei interesse i oss. Vise oss at det å bli politikar faktisk er ein veg ein kan gå når ein veljer yrkesveg.

Eg skal ikkje utelukke at dette kanskje har blitt prøvd før, men har det hatt resultat?

Det kan godt hende at det ikkje er riktig veg å gå heller. Viss det er tilfelle, er det nok ikkje andre tiltak som fungerer betre. Vil det kanskje seie at det er ei tapt sak eg sit og skriv om? Kanskje vi ungdommar har blitt for sløve. Kanskje vår fattige interesse for politikk spring ut ifrå at vi ikkje er modne nok. Kanskje vi er for bortskjemte. Kanskje vi er vant til at alt er så fint og greitt at vi ikkje finn god nok grunn til å engasjere oss.

Det er ikkje lett å finne ut av. Viss det ikkje nyttar å motivere oss unge til å engasjere seg i politikk må ein nesten vente til vi får nok sjølvinnstikk til å forstå at det ikkje lønner seg å drite i politikk. For det handlar om korleis samfunnet skal vere. Og det samfunnet er vi òg ein del av.

«Det kunne jo ha vore ein idé for politikarane å faktisk snakke med ungdommar.»



– Høyr oss! Ida Lindgren, Oskar Hidalgo Gulliksen, Magnus Aarskog og Åshild Gjelland Østerberg skal si meininga si i Bø blad kvar veke fram mot valet.

Med mot til å meine

Dei er unge og skal stemme i kommunevalet for aller første gong til hausten. Kva dei tenkjer om dét og politikk skal dei skrive om i Bø blad kvar veke.

Hilde Eika Nesje

redaksjon@boblad.no – tlf 947 89 450

I dag er ei ny spalte på plass i Bø blad. Den heiter «Ung veljar» og skal fyllast med innhald av fire førstegongsveljarar. Åshild Gjelland Østerberg, Magnus Aarskog, Oskar Hidalgo Gulliksen og Ida Lindgren skal kvar veke fram mot valet setje ord på kva dei tenkjer rundt det å skulle stemme for aller første gong, kva for saker dei er opptatt av og kanskje kva politikarane bør gjere for å engasjere fleire av dei yngste veljarane.

Blir meir bevisst

– Eg håpar å lære litt meir om val og politikk ved å vere med på dette. Eg håpar òg at eg klarar å formidle vidare noko av det me ungdom er opptatt av i lokal-samfunnet, seier Ida.

Ho trur at ho og dei andre som deltek i spalta blir litt meir bevisste, engasjerte og kanskje tenk-

jer meir over det å skulle stemme.

– Det blir nok lærerikt, men eg håpar òg at politikarane og andre vaksne kan lære litt av oss gjennom denne spalta. Kanskje ser dei tydelegare kva vår aldersgruppe er opptatt av, seier ho, og legg til at ho håpar at ungdom òg vil lese spalta, og forhåpentleg kjenne seg att.

Litt usikre

Magnus er litt usikker på om han klarar å vere kritisk eller om han har noko å si, sjølv om han skal gjere sitt beste.

– Eg er jo fornøgd med så mykje, men eg kan jo formidle litt av det som fungerer og er bra òg, seier han.

Oskar veit heller ikkje heilt kva han skal skrive om, men reknar med at ideane kjem etter kvart. Det kom i alle fall nokon denne veka. Han er førstemann ut i spalta, og seier sitt i dagens avis.

– Det er i alle fall moro å vere del av ei slik skrivegruppe, seier han.

Vil ha respons

– Eg synest det er veldig moro om me får respons frå politikarar og andre folk på det me skriv. Kan me vere med og skape debatt eller

setje ei sak på dagsorden er det jo ein ekstra bonus, seier Åshild, som trur at mange unge ikkje tenkjer over at det ein meiner om ulike saker i lokalsamfunnet faktisk handlar om politikk.

– Politikk er på ein måte eit skummelt ord, seier Ida.

– Ordet politikk blir utruleg fort fjernt og utilgjengeleg, noko me trur me ikkje veit så mykje om, men det handlar jo i grunnen om det me meiner noko om. Og da er jo ungdom eigentleg interessert i politikk. Me tenkjer mykje om mange saker. Eg er til dømes opptatt av å få ein ny handballhall i Bø. Det handlar jo i største grad om økonomi og politikk, fortset Ida.

Vil bli høyr

Oskar er einig.

– Me får faktisk moglegheit til å ta opp saker det ikkje er gjort noko med i bygda. Me kan vidareføre våre meiningar til dei som bestemmer og styrer. Det er bra, for dei trengst å bli høyr, seier han.



Veljartankar

- Skal du stemme?
- Kva er viktigast, parti eller person?
- Kva for sak er viktig for deg?



Ingeborg Engeset (69)

Pensjonist, Bø

– Ja.
– Eg har to parti eg kan stemme på og i lokalvalet kan personar på listene avgjere
– Miljø er viktig - i eit vidt perspektiv. Utbygginga av Bø har vore lite gjennomtenkt.



Finn Erik Kåsa (37)

Møbelsnikkar, Heia

– Ja.
– I lokalvalet stemmer eg sjølvsagt etter person fordi eg ser etter visse kvalitetar i politikarane.
– Eg har ikkje ei fanesak, men er opptatt av at politikarane jobbar til bygdas beste.



Herdis Tande Verpe (66)

Pensjonist, Sentrum

– Ja.
– Personar er viktig, for ein ser fort kven som klarer å få utført viktige oppgåver.
– Mange saker opptek meg, til dømes å få fleire rom i Gullbring og eit nytt kunstgalleri til bygda.



Jon Solberg (34)

Musikar/gitarlærer, Breisås

– Ja.
– Lokalt blir valet personavhengig. Eg stemmer på dei eg har tru på og som har bein i nesa.
– Eg er opptatt av kva som skjer i skulen.



Ønsker meir informasjon. – Politikarane bør vise seg meir for oss unge, seier Ole-Henrik Forberg og Anette Lia.

Vil vite meir

Vel fire månader før kommunevalet veit ikkje Anette Lia (18) og Ole-Henrik Forberg (18) så mykje meir om lokalpolitikk, men litt meir tenkjer dei på den.

Hilde Eika Nesje

redaksjon@boblad.no - tlf 947 89 450

Førstegongsveljarar. Ein usikker, og ein som har bestemt seg for parti – trur ho.

– Eg veit at mange vel etter personar når dei stemmer lokalt, men når ein ikkje kjenner nokon på listene og er generelt usikker blir det umogleg. Derfor er det tryggast å halde seg til det partiet ein kjenner best frå før, seier Anette.

Ho synest at politikarane i Bø bør vise seg meir for ungdomen, kome og gje dei informasjon om kva dei står for. For mange unge føler at dei ikkje veit noko.

– Me vil jo gjerne vite meir, og følgjer med på det som er spennande, seier ho, og saknar meir «sladderpolitikk».

– Debattar. Og litt krangel. Det engasjerer. Dessutan viser det ofte partia frå ulike sider, meiner Anette.

Har snust litt

– Eg har tenkt litt meir på kva eg

skal velje, men er ikkje heilt sikker enno. Eg vil fortsatt vite meir. Mykje meir, seier Ole-Henrik, som har opplevd at ein jamngammal ungdom har snakka politikk med han sidan sist.

– Ein kamerat fortalde meg litt om sitt parti, kva det står for og slikt. Det var interessant, for eg følte at eg kunne identifisere meg med mykje av det partiet står for, seier han.

Likevel er han fortsatt open, og vil helst vere det fram mot valet.

Vil ha mekkehall

– Det finst jo saker som engasjerer meg. Eg er blant anna oppteken av korleis partia stiller seg til å skaffe nok skuleplassar. Sjølv skal eg ut i lære no, men om eg ikkje får lærlingplass vil eg gjerne vite at eg har noko anna å gå til, seier Ole-Henrik, som heller ikkje er heilt nøgd med fritidstilbodet i kommunen.

– Ungdom som likar mekking har ikkje så mykje å velje i. Ein mekkehall kunne vore bra, seier han, og vil gjerne vite meir om dei enkelte partias syn på saken.

– Eg bestemmer meg ikkje enno. Eg snusar litt og tek gjerne imot litt informasjon, avsluttar Ole-Henrik.



Kjetil Brekke (81)

Pensjonist, Sentrum

– Ja, det reknar eg med.

– Partiet er veldig viktig for meg.

– Eldreomsorg og utbygging av sjukeheimen i Bø.



Nina Verpe Haug (41)

Rekneskapsfører, Hørte

– Ja!

– Fyrst og fremst personar i lokalvalet, men dei må tilhøyre eit av partia eg kan identifisere meg med.

– Eg er opptatt å forbetre skulen i alle ledd.

Meny: Tilbud

torsdag til lørdag



Tilbud

Fersk, mønnet entrecôte

i skiver. Fra kjøttdisken (hel 159,00/kg)

169⁰⁰

ord. pris 229,00 pr kg

Foto: Opplysningskontoret for kjøtt



Tilbud

Pizza originale
300g. Superiore,
pepperoni, capricciosa.
(66,33/kg)

19⁹⁰

ord. pris
31,50-32,90
pr stk



Tilbud

1 l Fun light soft
Alle varianter.

-30%



**Fast
knallkjøp**

Ferske reker
Fra fiskedisken.
Værforbehold.

99⁰⁰

pr kg



**Fast
knallkjøp**

Ukens
nystekte brød
700g. Grovt bonde-
brød. (28,43/kg)

19⁹⁰

ord. pris
28,50 pr stk



MENY
VI FRISTER
DEG TIL MINST
50M
DAGEN

Tilbud

Piel del sapo
Bendit. Brasil.

16⁹⁰

pr kg



MENY
VI FRISTER
DEG TIL MINST
50M
DAGEN

Tilbud

Brokkoli
Spania

9⁹⁰

pr
stk

Vi tar forbehold om eventuelle trykkfeil og prisjusteringer.

MENY

Du får så mye mer